



Arkoconsult

Dato: 17.02.2014

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2014/10692-3

Fråsegn til oppstartmelding for reguleringsplan for Bøvågen Næringspark, gnr. 24, bnr. 220,222, m. fl. – Radøy kommune

Vi viser til brev datert 21. februar 2014 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Bøvågen næringspark. Hovudføremålet med reguleringa er næring. Føremålet er i delvis i samsvar med kommuneplan der området er sett av til noverande og framtidig næringsføremål og LNF-område.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

For at vi som høyingsinstans skal kunne handsame plansakar mest mogleg effektivt må oppstartmeldinga vere så tydeleg som mogleg. Det er ønskjeleg med eit kart med planavgrensing, som er i målestokk og har nordpil, eit kart som syner føremål i overordna plan, samt eit oversiktskart som syner kor planområdet er lokalisert. Vedlagte kartmateriale er lite tilgjengeleg.

I det vidare planarbeidet vil vi leggje vekt på følgjande plantema:

- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Landskap
- Kulturminne
- Næringsutvikling
- Samferdsel
- Senterutvikling
- Universell utforming

Meir om friluftsliv:

Delar av planområdet kjem innafor det registrerte regionale friluftsområdet Litleveiten-Utsylta. Dette må takast omsyn til i det vidare planarbeidet.

Meir om kulturminne:

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Ut frå våre arkiv er det ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i eller nær planområdet. Vi ber likevel om at det vert teke omsyn til eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegfar, bakkemurar, tuftar mm. Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og vurderast som eitt av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. På noverande tidspunkt i planprosessen har vi ingen vesentleg merknad i samband med kulturminne.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre
www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, friluftsliv, folkehelse, landskap, kulturminne, næringsutvikling, samferdsel og senterutvikling.

Marit Rødseth
plansjef

Anne-Kathrine Vabø
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Sakhandsamarar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Øystein Skår, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kopi til:

Radøy kommune

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest